

Bergens Tidende

for 50 år siden

«— Hvorfor skal realskolebarn sitte på trikken, når vi gamle må stå? spør en stemme i telefonen. — Jeg har opplevd at folk har spurt de unge om å få sitte, uten å bli verdiget svar. Sporveien kan vel kanskje ikke forlange at de unge reiser seg, men jeg synes det er leit at de ikke vil vise større ærbødighet for oss eldre. Det er nesten utålelig å se dem breie seg på halvparten av setene, mens de gamle blir stående. Vi kan bare understreke det mannen i telefonen sier. De gamle skal ha førsteretten til sitteplasser ved Sporveien.»

Bergens Tidende lørdag 27. august 1955

Märtha Louise var ikke gravid likevel. Heldigvis. Så slapp vi å stålsette oss til nok en artikkelserie i landets mer eller mindre kulørte aviser om urkvinne og urkrefter, flinke damer som føder uten bedøvelse, alternative fødemetoder til lands og til vanns og andre «naturlige» måter å presse ut avkommet på.



ps

Anne Hovden
anne.hovden@bt.no

■ I stedet kan jeg leke meg med følgende tankeeksperiment: Martin Andresen får knottene til Tore André Flo midt i tykkleggen på stadion, og må sy åtte sting. Han trilles inn døren på Hau-


keland, og bekjentgjør overfor et ivrig noterende pressekorps at selvsagt skal han ikke ta bedøvelse når han skal sy. Det er helt naturlig for fotballspillere å skade seg i beina – det har de gjort til alle tider – og i gamle dager (i alle fall i westernfilmene) fikk mannfolkene i beste fall en klunk whisky og en trepinne i kjeften før nålen tråklet i vei.

■ Jeg har gjort min plikt på fødestuen. Og blitt møtt med lett forbausede leger som sier «Epidural?! Er du klar over at det er søndag?» og andre logiske ting. Jeg har verken vært «flink» eller urkvinne. Og det har aldri falt meg inn å si nei til det milliarder av forskningskroner har gitt oss av teknologiske og medisinske nyvinninger. Det har sikkert ikke falt Martin Andresen inn heller. Heldigvis.

Oselvar-klubben fyller 60



STOR RIGG: I flere år ble seilføringen større og større. Her er «Luv» seilt av Kristian Garvik rundt 1920.



REGATTA: Oselvaren får mykje skryt som regattabåt. Her frå Milde Båttag sin haustregatta 1979. Fremst «Jason» med Finn Totland ved roret. Bak til høgre er «Japp».

ADNE LUNDE
HELGE SKODVIN (foto)

adne.lunde@bt.no

Oselvarklubben, eller Bergen og Hordaland Seilersamband (BHS) som namnet var den gongen, vart stifta på Fønix Hotell i Bergen 27. august 1945. Då hadde oselvaren alt lenge vore i bruk som tur- og konkurransebåt. BHS skulle få orden på kappseglinga slik at båtar og utstyr vart mest mulig like til regattabruk.

– Alt i 1871 vart det for første gong skipa regatta med oselvar, fortel forfattar av jubileumsboka, Kjell Magnus Økland. Han fortel om ein båt som kom til byen og vann ry som fritidsbåt, både til tur og til kappsegling og kapproing.

– I nesten 100 år var båten både arbeidsbåt og fritidsbåt, fortel Økland.

No i jubileumsåret skal saga om båten, som er elska av både bymann og stril, fortel-



ENTUSIASTAR: Finn Totland (t.v.) er leiar av Oselvarklubben, og Kjell Magnus Økland skriv boka om oselvaren.

jast. Frå den urgamle historia om korleis båten har utvikla seg, om eksport til Shetland, og oselvaren som bruksbåt. Eit kapittel fortel den meir enn hundre år lange historia om kappseglingssbåten.

– Så har vi med eit kapittel

om korleis båten skal brukast. Eg vil gje svar på 50 av dei mest vanlege spørsmåla om oselvaren, rett og slett ein bruksgaid, seier Økland.

– Men det er mykje styr med ein slik båt?

– Det er ein myte. Mykje av

drivkrafta bak dette bokaarbeidet er å få båten i bruk. Dette er ein båt som fyller dei fleste krav. Han kan både roast og seglast. Han er lett å ta med på ei vogn, og kan ikkje søkka. Den ideelle fritidsbåten, reklamerer Økland.

Finn Totland er dagens leiar i Oselvarklubben, og legg vekt på det sosiale, og miljøet som oppstod rundt båten.

– I hvert av båtlagene har det vært en overlevering fra gammel til ung, som er uvurderlig, seier Totland.

Jubileumsboka vil også ta med denne delen av historia. Det er også laga eit kunnskapsens tre, som syner korleis båtbyggjartradisjonen er overlevert frå 1750 og fram til i dag.

Men båten må også brukast, og i dag blir oselvaren feira med kapproing og segling i Os.